



Fylkesmannen i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8718 - 20/27932

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
14.05.2020

Stadfestar mottatt klage og vurdering av utsatt iverksetting - gbnr 121/1 Knarvik nord

Tiltak: Klage på løyve til frådelling
Byggjestad: Gbnr: 121/1
Tiltakshavar: Thore Knarvik
Ansvarleg søkjar: Arkoconsult AS

Vi stadfestar med dette å ha motteke dykkar klage den 19.11.2019 på vedtak om dispensasjon for frådelling av hus nr. 2 fatta av plan- og miljøutvalet i tidlegare Lindås kommune den 30.10.2019

Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker. Der det er gjeve utsett iverksetting av vedtak er fristen 6 veker. Sakshandsamingsfristen i klagesaka er overskriden. Grunnen er at klagesaka ikkje har kome med i overgangen til nye Alver. Kommunen vart nyleg gjort merksam på dykkar klage. Vi ber om orsak for lang saksbehandlingstid.

Kommunen har mottatt tilsvar frå tiltakshavars representant, Arkoconsult, den 12.05.2020 etter at dei oppdaga at det ikkje vart gjeve avgjerd i saka i april i år i samanheng med oppmålingsforretning på eigedomen. Oppmålingsforretninga på eigedomen er ikkje gjennomført.

Dersom administrasjonen opprettheld vedtaket, vert klagen handsama av areal, plan og miljø utvalet i møte den 10.06.2020. Dette er første moglege møte for behandling av klagen etter at kommunen vart gjort merksam på dykkar klage. Vi kjem tilbake med meir informasjon om korleis møte vert gjennomført. Meir informasjon om politiske møte ligg på kommunen si heimeside.

Handsaminga i areal, plan og miljø utvalet kan føre til at vedtaket vert endra. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Vert administrasjonen sitt vedtak oppretthalde av utvalet, vert klagen sendt til Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd.

Vurdering av utsett iverksetting av vedtak

I mottatt klage er det oppmoda om utsett iverksetting av vedtak frå Plan- og miljøutvalet i tidlegare Lindås kommune, datert 30.10.2019. Oppmoding om utsett iverksetting vert behandla uavhengig av sjølve klagebehandlninga.

Utgangspunktet er at vedtak i byggesaker kan setjast i verk straks dei er vedtekne og gjort kjend for partane. Når eit vedtak er klaga på, kan underinstansen fatte avgjerd om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagen er endeleg avgjort.

Avgjerda vert gjort ut i frå ei heilskaplege og konkret vurdering av klagen og av dei ulike interessene og tilhøva som gjeld sjølve saka. Det sentrale for avgjerda vil vere ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje, t.d. uoppretteleg skade eller tap for partane.

I vedtaket som er fatta er det gitt dispensasjon frå arealformål og byggeforbodet i strandsona for frådelling av hus nr. 2 . gbnr 121/1. Det ligg ikkje føre søknad om løyve til tiltaket på noverande tidspunkt.

Administrasjonen vurderer at det er grunnlag for å gje utsett iverksetting av vedtaket om dispensasjon inntil klagesaka er avgjort. I vurderinga av saka har administrasjonen lagt særleg vekt på at det ikkje er føremålstenleg å handsama ein eventuell søknad om løyve til frådelling av hus nr. 2 før klagen på dispensasjonsvedtaket er endeleg avgjort då ei eventuell omgjering av dispensasjonsvedtaket som no ligg føre vil føra til at eit vedtak om oppføring av bustad på eigedomen også vil måtte gjerast om. Det er vidare lagt vekt på at eit vedtak om utsett iverksetting får liten konsekvens for tiltakshavar. Det vert difor gjeve utsett iverksetting av vedtaket om dispensasjon fatta av Plan- og miljøutvalet i tidlegare Lindås kommune i møte den 30.10.2019 i sak 109/19, jf. 089/19 med saknr. 19/940.

Etter ei førebels vurdering av klagen er det kome fram tilhøve som tilseier utsett iverksetting av vedtaket om dispensasjon fatta av Plan- og miljøutvalet i møte den 30.10.2019.

På denne bakgrunn vert det gjeve utsett iverksetting av vedtaket om dispensasjon for omsøkte tiltak.

Denne avgjerda er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje klagast på. Fylkesmannen kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetting i saka. Eventuelle førespurnadar om dette kan rettast direkte til Fylkesmannen i Vestland.

Aktuelt regelverk

- Frist for handsaming av klage går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1 første ledd bokstav c.
- Frist for handsaming av klage viss det er gitt utsatt iverksetting går fram av SAK § 7-1 første ledd bokstav f.
- Kommunen kan endre vedtaket på bakgrunn av klaga, jf. forvaltningslova (fvl) § 33.
- Utsett iverksetting av tiltak har grunnlag i fvl § 42.
- Krav om utsatt iverksetting skal vurderast med bakgrunn i Ombodsmannen si årsmelding av 1985 på s. 154.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Arkoconsult AS
Thore Knarvik

Postboks 103
Knarvikgarden 71

5291
5955

VALESTRANDSFOSSEN
LINDÅS

Mottakarar:

Fylkesmannen i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER